

# Program 2014

OBS! Stord kulturhus, vringlearealet: Utstilling laga av elevar ved Fitjar vidaregåande skule, VG1 design og handverk. Utstillinga *Foturiltu* av åtte medlemmer i [Stord fotoklubb](#). Utstillingane er inspirerte av årets falturiltutema, *Fantasi og fanteri*, og begge heng heile veka.

## Sundag 2. november

**13.00-14.30: Stallturiltu, Stord hestesportsenter på Tyse.** Lene Kaaberbøl og Kristine Tofte i samtale om [Sølvhest](#)-trilogien. Hesteaktivitetar for ungar. *Billett: Barn 100 kr / Vaksne 150 kr.* Kjøp billett på [nett](#).

**17.00-18.15 Falturiltufest, Stord kulturhus, kinosalen.** Opning av Falturiltu. Konsert med Tønes. Kristine Tofte møter den danske fantasydronninga Lene Kaaberbøl. Stord Danseensemble dansar. Stordøya kvedarlag syng. Vinnaren av Sunnhordlandslåten 2014 blir kåra. *Barn 100 kr / Vaksne 200 kr / Familie 500 kr.* Kjøp billett på [nett](#).

## Måndag 3. november

**08.30-14.00: Skulebesøk.** Stord vidaregåande skule, kl 9: Per Jan Ingebrigtsen. Tjødnalio skule, kl 11. Sagvåg skule, kl 12: Gyrid Axe Øvsteng. *30 kr*

**11:00: Fantasi og fanteri! Stord kulturhus, kunsthallen.** Ordførar Liv Kari Eskeland opnar utstilling laga av sjetteklassingar i Stordskulen. Utstillinga er inspirert av boka [Skammarens dotter](#) av Lene Kaaberbøl.

**18.30: Måndagsklubben, Stord kulturhus.** For medlemmane. Gyrid Axe Øvsteng les.

## Tysdag 4. november

**08.30-14.00: Skulebesøk.** Rommetveit skule, kl 8.45. Langeland skule, kl 10.45: Gyrid Axe Øvsteng. Nysæter ungdomsskule,, kl 8.30, 9.30 og 10.00: Linn T. Sunne. Rimbareid skule, kl 13.00: Tor Arve Røssland. *30 kr*

**8.45, 9.45 og 13.15: Drakeguten, Stord folkebibliotek.** Asbjørn Rydland les. *30 kr*

**10.30 og 11.30: OFFER, Stord kulturhus, Kunsthallen.** Per Jan Ingebrigsten les frå den nye ungdomsboka si, Offer. Stord ungdomsskule. *30 kr*

**12.00: Bok & beibi, Kringla konditori.** Gyrid Axe Øvsteng les Førstemamma på Mars. Bokkafé for dei yngste. *30 kr*

**17.30: Bollemaskin og Englatroll, Stord kulturhus, Kunsthallen.** Ingvild Sjø og Janne Nerheim les frå dei nye bøkene sine. Silvia Karlsen teiknar med barna. Peder Bakar (Slettebø) stiller med bollar. Frå 4 år. *30 kr*

## Onsdag 5. november

**08.30-14.00: Skulebesøk.** Stord ungdomsskule, kl 8.30 og 13.00: Terje Torkildsen, Nysæter ungdomsskule, kl 8.30, 9.15 og 10.00: Arnt Birkedal, Stord ungdomsskule, kl 12.30: Atle Hansen. *30 kr*

**09.30-15.00: Seminar - Leseglede og lærelyst med nynorsk barne- og ungdomslitteratur. Stord kulturhus.** Innleiarar: Janne Karin Støylen (lesegledar og formidlar ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæring), Ragnfrid Trohaug (forfattar og fungerande forlagssjef i Samlaget), Terje Torkildsen (forfattar), Trude Hoel (universitetslektor, Lesesenteret), Anne-Stefi Teigland (litteraturformidlar).

Seminaret vil ha ein fellesdel og ein del med parallelle sesjonar – ein med program retta mot barnehage/småskulen, og ein mot ungdomsskule/vidaregåande skule.

Pris: kr 250,- inkl lunsj. Påmeldingsfrist: 20.oktober.

For meir informasjon: Svein Olav B. Langåker, Redaktør/prosjektleder for [Framtida.no](http://Framtida.no), 94875365  
[svein.langaker@startsiden.no](mailto:svein.langaker@startsiden.no)

**09.00, 10.00 og 11.00: Fantasi og fanteri. Temadag på Sunnhordland museum.** Atle Hansen les frå Ulvestova. Kristian Lunde fortel om fantaskap på Vikjo i gamle dagar. Johanne Øvstebø Tvedten fortel om fanteri i folkeeventyra. *30 kr*

**10.00 og 11.00 Talturiltu. Bok- og mattefest på Nordbygdo ungdomsskule.** Arild Stubhaug presenterer boka Skjulte kodar. Niels Henrik Abel – Ein biografi. Andreas Christiansen, høgskulelektor i matematikk ved Høgskulen Stord/Haugesund følger opp med ei praktisk matteøkt. *30 kr*

**12.15: Musikkklunsj, HSH Rommetveit, kantina.** Musikkstudentar ved Høgskulen Stord/Haugesund framfører nye melodiar til tekstar av Stein Versto. Opplasing ved Per Olav Kaldestad. *Gratis*

**16.45: Ballturiltu. Bok- og fotballfest på Vikahaugane.** Fotballegenda Erik Solér leier ei fotballøkt på kunstgrasbanen. Forfattar Ragnfrid Trohaug les. Kaker, saft og flotte bokpremiar! *Barn 100 kr / Vaksne 150 kr.* Kjøp billett på [nett](http://nett).

**18.30: Skammarens dotter. Høgskulen Stord/Haugesund, Rommetveit, Aulaen.** Ein opera med utgangspunkt i boka av Lene Kaaberbøl. Bearbeidd og komponert av studentar på HSH. *50 kr*

**19.30: Onsdagsklubben, Stord kulturhus.** For medlemmene. Terje Torkildsen les

**20.00: [vaage@sunnhordland.museum](mailto:vaage@sunnhordland.museum).** Vaksenbokkveld i regi av Stord mållag. Debutanten Eli Fossdal Vaage les frå diktboka *Hekla myter*. Lars Amund Vaage les frå diktboka *Den raude staden* og Hanne Bramness les frå barnediktboka *Vintersong*. Vinnaren av handarbeidstevlinga vår blir kåra. *Medlemmer i Stord mållag: 50 kr / Ikkje-medlemmer 100kr*

### Torsdag 6. november

**08.30-14.00: Skulebesøk.** Rimbareid skule, kl 8.45 og 9.45: Lars Mæhle. *30 kr*

**09.00-15.00: Seminar - Fantasi og fanteri.** Høgskulen Stord/Haugesund, Rommetveit. Om fantasy og fantastikk. Innleiarar: Forfattarane Erna Osland, Tor Arve Røssland, Mari Moen Holsve og Lars Mæhle. Seminarleiar: Per Olav Kaldestad. Pris: kr 250,- inkl lunsj. [Påmelding](#).

**10.30 og 11:30: Song for Eirabu,** Stord kulturhus, Kunsthallen. Kristine Tofte les og Trio Vest spelar. *30 kr*

**13.00: Skammarens dotter. Høgskulen Stord/Haugesund, Rommetveit, Aulaen.** Ein opera med utgangspunkt i boka av Lene Kaaberbøl. Bearbeidd og komponert av studentar på HSH. *50 kr*

**18:00: Måneskinnsoldaten, Stord kulturhus; kinosalen.** Ei nynorsk fantasyforteljing av og med elevar i Stord kulturskule. Drama/dans/musikk. *Barn 50kr / Vaksne 100kr.* Kjøp billett på [nett](http://nett).

### Fredag 7. november

**09.30: Englatrollet,** Littlabø og Sagvåg samfunnshus, Stord folkebibliotek. Janne Nerheim les. *30 kr*

**10.00 og 12.00: Englatrollet,** Stord kulturhus, Kunsthallen. Janne Nerheim les. *30 kr*

16.30-17.15 Linda Eide presenterer *Oppdrag Mottro - jakta på gamle dagar*. Knutsåsen eldresenter.

20:00-21.15: Linda Eide og Finn-Erix (m/ hemmelege gjester). Arena. Den allsidige journalisten og forfattere Linda Eide har vunne både journalistprisar, språkprisar og sykkelprisar. I 2012 mottok ho Gullruten for beste kvinnelege programleiar, og dei siste åra har ho vore land og strand rundt på jakt etter ukjende attraksjonar og har truffe blink med tv-serien Norsk attraksjon som hadde over ein million sjåarar i snitt vinteren 2012. Boka *Oppdrag Mottro - jakta på gamle dagar*, kom hausten 2012, til strålande mottaking. I følge Linda Eide er den eit personleg forsøk på å forstå både gamle dagar og si eiga mor, samt seg sjølv. Finn-Erix er blant landets mest spesielle populærorkester, mykje på grunn av besetninga - stoveorgel m/rytmeboks, fagott og vokal. Finn Tokvam, song og rytmeegg, Odd-Erik Lothe, stoveorgel, Halvor Folgerø, fagott. Kl 20 (Dørene opnar kl 19) 350 kr. Kjøp billett på [nett](#).